



Ryland Bygg AS
Giil
6958 SØRBØVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3856 - 16/23553

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
02.09.2016

Utsleppsløyve for personalbustad på gbnr 247/10 Dyrkolbotn

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Signhild Dyrkolbotn

Ansvarleg søker: Ryland Bygg AS

Type utslepp: Sanitær avlaupsvatn med utslepp inntil 50 pe

Søknadstype: Søknad om utslepp etter Forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve tilknytt personalbustad til Dyrkolbotn Fjellstove. Avlaupet skal reinsast med kjemisk/biologisk reinseanlegg før det førast til bekk med heilårig vassføring.

Det går fram av søknad at anlegget skal plasserast på gbnr 247/11 innafør felt A2 som det i kommuneplanen pkt 2.59 går fram skal nyttast til avlaupsanlegg.

Det er sendt inn skyldskifte i frå 1974 vedkomande rett til å legge avlaupsanlegg på gbnr 247/11.

Planstatus

Eigedomen avlaupet skal plasserast på, ligg i uregulert område innanfor kommuneplanen. Anlegget skal plasserast på felt A2 på denne tomte og det går fram av kommuneplanens føresegn 2.59 at felt A2 skal nyttast til avlaupsanlegg.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og gjeve høve til uttale seg, jf. Forureiningsforskrifta § 12-4 nr.2.

Plassering



Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 18.10.2015.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargester BioDisc. Anlegget tilfredstiller NS-EN 12566-3.

Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppstad i følsomt/normalt område med brukerinteresser.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre dokumentasjon på skyldskifte i frå 1974 vedkomande plassering av avlaupsanlegg på gbnr 247/11.

Vi gjer merksem på at dette løyve er gjeve etter Forureiningslova, drøfting kring privatrettslege høve etter pbl §21-6 vert gjort i vedtak om etablering av avlaupsanlegg og personalbustad.

Drift og vedlikehald

Det ligg ikkje føre serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå personalbustad på gbnr 247/10 i samsvar med søknad datert 29.12.2015 på følgjande vilkår:

- 1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg som tilfredstiller NS-EN 12566-3, før det reinsa avlaupsvatnet vert ført til bekk med heilårs vassføring.**
- 2. Anlegget skal plasserast innafor felt A2 i kommuneplanens arealdel.**
- 3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan driftast og vedlikehaldast av godkjent føretak.**
- 4. Det skal dokumenterast at det er inngått serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl. § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 15/3856

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeid med etablering av avlaupsanlegget ikkje sett i verk innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort. Dersom utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. Forureiningslova § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avlaupsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummer, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinater sendast kommunen, seinast vedførespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget, eller nokon del av det, kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføre tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunne omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført service og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll jf.

Forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. Forureiningsforskrifta § 12-14.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jorunn Dyrkolbotn
Signhild Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 50 5994
Dyrkolbotn 119 5994

VIKANES
VIKANES

Mottakarar:
Ryland Bygg AS

Giil

6958

SØRBØVÅG